



Handlingsplan 2021

Det er uvisst når vi igjen kan reise til Moldova for å gjenoppta vår aktivitet der, men vi vel likevel å lage ein litt redusert handlingsplan for 2021.

Hovudaktiviteten vår blir å få moldovske styresmakter til å ta større ansvar for synshelsa i landet og synssenteret. Vi vil arbeide med å utvikle synssenteret og følge opp optometriutdanninga ved det medisinske universitetet i Chisinau.

Barneheim nr. 74 og nr. 135: Vi følgjer opp barneheimane og held fram arbeidet med synsutgreiing av borna i barnehagane.

Julegåvefamiliane: Sidan vi ikkje kan reise til Moldova no, blir familiane som får støtte frå prosjektet følgde opp av Tatiana Ghidirimschi gjennom året. Truleg vil nye familiar koma til.

Ortopedisk sjukehus i Chisinau. Dette er eit sjukehus vi har samarbeidd med tidlegare og som no har bedt om hjelp. Vi vil prøve å skaffe utstyr og anna hjelp til dei.

Medlemer: Vi vil jobba for ei tettare oppfølging og involvering av medlemene i 2021.

Økonomi: Styret vil arbeide for å skaffe midlar. Vi må ha ein god dialog med samarbeidspartnarane som støttar oss økonomisk. Dei faste gjevarane er svært viktige for drifta vår. Inntekter frå skulane sine solidaritetsaksjonar går til synssenteret slik at fleire kan få briller og andre synshjelpemiddel og slik at vi kan sikre drifta og ta hand om våre tilsette ved senteret. Vi vil prøve å få fleire skular til å støtte oss.

I 2021 har vi ingen tilsette i Noreg.

Styret i Hjelp Moldova